

## **Sak 23/17 Høyring på valreglar**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at vedlagde uttale vert sendt som vårt høyringssvar på nye valreglar for kyrkja, med dei stemmetal som kvart punkt fekk i avrøystinga.*

### **Uttale:**

#### **HØYRING OM NYE REGLAR FOR KYRKJEVAL**

##### **1. UHALDBARE PREMISSAR**

*Høyringa har som premissar at vala skal knytast i tid og rom til dei politiske vala, og at det i hovudsak skal vere direkteval til bispedømeråd og kyrkjemøte. Dermed held ein dei to viktigaste spørsmåla ved valordninga utanfor høyringa. Dette beklagar vi sterkt.*

*Den norske kyrkja er den einaste kyrkja i verda som har ei valordning med direkteval knytt til de politiske vala. At ei slik ordning er uaktuell i eit økumenisk perspektiv, er det gode grunnar til. Tilknytinga til dei politiske vala er ei «statskyrkje-ordning», som er blitt sterkt kritisert både økumenisk og frå menneskerettshald. Mest alle kyrkjer held seg til indirekte val, då dette avspeglar kyrkja som bygd opp av kyrkjelydar, med soknet som grunneining. Slik sikrar ein og samanheng mellom lokalt, regionalt og sentralt nivå. Røynsla viser også at direkteval til desse nivåa sterkt svekkjer valet som personval. I staden fører ordninga til kyrkjepolitiske partival, der eitt eller nokre få einskildspørsmål totalt dominerer dei partipolitiske listene. Slik fremjar ordninga ei polarisering i kyrkja, som er i strid med kyrkja sin karakter og svekkjer hennar vitnemål og teneste.*

*Kommentarane våre til ordninga vil såleis i stor grad handle om å styrke vala som samlande personval.*

**Avrøysting: Dette punktet vart vedteke med 6 mot 3 røyster**

##### **2. OVERORDNA SPØRSMÅL.**

###### **2.1. Direkte- eller indirekte val?**

*På bakgrunn av det vi har skrive ovanfrå, vil vi sterkt tilrå indirekte val. På dei premissane som her er lagde tilrår vi såleis alt. 3, subsidiært alt. 2.*

**Avrøysting: Dette punktet vart vedteke med 7 mot 2 røyster.**

###### **2.2 Fleirtals og forholdstalsval**

*I samsvar om argumentasjonen vår om samlande personval, tilrår vi alt 1. Ordninga har si svakheit knytt til ulike tidsfristar. Men ho styrkar personvalet ved at nominasjonskomiteens liste, der ulike*

*personlege posisjonar og kvalifikasjonar er representerte, er utgangspunktet, med høve til supplerande nominasjonar og lister.*

**Avrøysting: Dette punktet vart samråystes vedteke.**

## **2.5 Val og røystekrinsar**

*Vi tilrår vidareføring dagens ordning, då alternativa vert for kompliserte å administrere.*

**Avrøysting: Dette punktet var samråystes vedteke.**

## **4.5 Tid og stad for valet**

*På bakgrunn av dei prinsipielle synspunkta våre på ei kyrkjelege valording, slik dei går fram i pkt. 1, meiner vi at vala bør gå føre seg i kyrkjelege lokale.*

**Avrøysting: Dette punktet vart samråystes vedteke.**